



## Gaular kommune

Etaten for Landbruk/næring og teknisk

Landbruks - og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep.  
0030 OSLO

Jfr.

Saksnr.	Arkivkode	Journalnr.	Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
13/243	FA-L00, TI-&13	13/1854		LHO	06.03.2013

### Høyring - Endringar i jordlova § 12

Plan og utvikling, landbruk/næring og teknisk har i møte 04.03.2013 handsama sak ”Høyring - Endringar i jordlova § 12” der vart det gjort slik tilråding/vedtak:

#### Tilråding til vedtak:

Det vert vist til høyringsbrev datert 24.01.2013 og e-post 14.02.2013 frå Landbruks – og matdepartementet med forslag om endringar i jordlova § 12.

Gaular kommune ved Plan og utvikling, landbruk/næring og teknisk gjev slik uttale til høyringsnotatet om å endre jordlova § 12:

Landbruks – og matdepartementet føreslår i § 12 andre ledd at samtykke til deling ikkje kan verte gitt, utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter jordlova § 9 eller dispensasjon frå plan – og bygningslova. Dette vil klarlegge rutinane til kommunane, og kanskje gjere det meir oversiktleg for søkjar, slik at missforståingar i større grad vert unngått. Gaular kommune støttar dette forslaget.

Forslaget om at det i § 12 tredje ledd punkt 2 skal takast omsyn til «*betre samsvar mellom eigedoms- og bruksstruktur*», kan vere positivt. Dette sidan det opnar for at kommunen kan godkjenne sal av tilleggsjord om det ligg til rette for det, sjølv om bruket som vert delt isolert sett vert svekka. Tilleggsjorda må seljast til ein annan landbrukseigedom i aktiv drift, og dette bør departementet ta inn i delingsføresegna.

Etter dagens delingsparagraf skal det vurderast om «*deling fører til drifts – eller miljømessige ulemper for landbruket i området*». Dette er ikkje teke med i det nye forslaget. I dagens delingsparagraf kan delingssøknad verte avslått dersom deling fører til drifts – eller miljømessige ulemper for landbruket i området, sjølv om det eine eller begge vilkåra er oppfylt. Til dømes kan det vere aktuelt dersom det er søkt om å dele frå ei tomt på uproduktiv jord, men tomta ligg inntil eller nær dyrka mark. Dette er eit vesentleg moment som ikkje bør fjernast frå delingsparagrafen dersom det er ynskje om å ivareta intensjonen med jordlova. Dersom departementet ynskjer å føre denne regelen vidare, som det står skrive i høyringsnotatet, må dette gå fram i sjølvne lovteksten i delingsparagrafen. Departementet

---

Postadresse	Telefon: 57718521	Bankgiro: 37600700279
Vadheimsvegen 15	Telefaks: 57718501	Org.nr: 963 923 988
6973 SANDE I SUNNFJORD	E-post: postmottak@gaular.kommune.no	

peikar på at denne regelen vert fanga opp i vurderinga om deling fører til «*ei driftsmessig god løysing*» i § 12 tredje ledd punkt 1, men med ei driftsmessig god løysing er det vanlegvis meint bruksstorleik og arrondering. Gaular kommune ber difor departementet om at følgjande i gjeldande jordlov § 12 vert lagt til som eit eige ledd: «*Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.*». Underforstått, at dersom delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kan søknad om deling verte avslått.

Omsynet til kulturlandskapet bør takast inn som eit eige punkt under ledd 3, på linje med dei andre punkta i ei heilskapsvurdering.

Departementets forslag til § 12 fjerde ledd «*Sjølv om det ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling etter tredje ledd, kan samtykke givast dersom deling vil ivareta omsynet til busetting i området.*» kan kome til å overstyre dei andre landbruksmessige momenta. Som departementet skriv er ikkje momenta i tredje ledd uttømande. Omsynet til busetting bør heller leggest inn som eit eige punkt under tredje ledd, på linje med dei andre punkta i ei heilskapsvurdering. Gaular kommune ber difor departementet om å fjerne forslaget til fjerde ledd.

### **Handsaming i Plan og utvikling landbruk næring og teknisk 04.03.2013:**

Linn Hovlandsdal møtte og svara på spørsmål i saka.

#### **PLU-009/13 Vedtak:**

Det vert vist til høyringsbrev datert 24.01.2013 og e-post 14.02.2013 frå Landbruks – og matdepartementet med forslag om endringar i jordlova § 12.

Gaular kommune ved Plan og utvikling, landbruk/næring og teknisk gjev slik uttale til høyringsnotatet om å endre jordlova § 12:

Landbruks – og matdepartementet føreslår i § 12 andre ledd at samtykke til deling ikkje kan verte gitt, utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter jordlova § 9 eller dispensasjon frå plan – og bygningslova. Dette vil klarlegge rutinane til kommunane, og kanskje gjere det meir oversiktleg for søkjar, slik at missforståingar i større grad vert unngått. Gaular kommune støttar dette forslaget.

Forslaget om at det i § 12 tredje ledd punkt 2 skal takast omsyn til «*betre samsvar mellom eigedoms- og bruksstruktur*», kan vere positivt. Dette sidan det opnar for at kommunen kan godkjenne sal av tilleggsjord om det ligg til rette for det, sjølv om bruket som vert delt isolert sett vert svekka. Tilleggsjorda må seljast til ein annan landbrukseigedom i aktiv drift, og dette bør departementet ta inn i delingsføresegna.

Etter dagens delingsparagraf skal det vurderast om «*deling fører til drifts – eller miljømessige ulemper for landbruket i området*». Dette er ikkje teke med i det nye forslaget. I dagens delingsparagraf kan delingssøknad verte avslått dersom deling fører til drifts – eller miljømessige ulemper for landbruket i området, sjølv om det eine eller begge vilkåra er oppfylt. Til dømes kan det vere aktuelt dersom det er søkt om å dele frå ei tomt på uproduktiv jord, men tomta ligg inntil eller nær dyrka mark. Dette er eit vesentleg moment som ikkje bør fjernast frå delingsparagrafen dersom det er ynskje om å ivareta intensjonen med jordlova. Dersom departementet ynskjer å føre denne regelen vidare, som det står skrive i høyringsnotatet, må dette gå fram i sjølv lovteksten i delingsparagrafen. Departementet

peikar på at denne regelen vert fanga opp i vurderinga om deling fører til «*ei driftsmessig god løysing*» i § 12 tredje ledd punkt 1, men med ei driftsmessig god løysing er det vanlegvis meint bruksstorleik og arrondering. Gaular kommune ber difor departementet om at følgjande i gjeldande jordlov § 12 vert lagt til som eit eige ledd: «*Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til om deling kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.*». Underforstått, at dersom delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kan søknad om deling verte avslått.

Omsynet til kulturlandskapet bør takast inn som eit eige punkt under ledd 3, på linje med dei andre punkta i ei heilskapsvurdering.

Departementets forslag til § 12 fjerde ledd «*Sjølv om det ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling etter tredje ledd, kan samtykke givast dersom deling vil ivareta omsynet til busetjinga i området.*» kan kome til å overstyre dei andre landbruksmessige momenta. Som departementet skriv er ikkje momenta i tredje ledd uttømande. Omsynet til busetting bør heller leggjast inn som eit eige punkt under tredje ledd, på linje med dei andre punkta i ei heilskapsvurdering. Gaular kommune ber difor departementet om å fjerne forslaget til fjerde ledd.

Med helsing

Kjell Navelsaker  
etatsjef

Linn Hovlandsdal  
fagkonsulent landbruk